

Morten Nilsen til topps i Sør-Amerika

09.01.2011



Morten Nilsen då han takka for seg i Vertshuset i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Morten Nilsen, med sterke røter i Uskedalen og drivar av Vertshuset sist sommar, er no på veg mot toppen i Sør-Amerika.**

**Han er med i ei gruppe på 12 som er på veg mot toppen i verdsdelens høgaste fjell Aconcagua på 6962 meter.**



Aconcagua - eit fristande fjell. (Foto frå nettsida til ekspedisjonen)

Gruppa driv grundig rapportering gjennom ei nettside  
([www.aconcagua.no](http://www.aconcagua.no))

og der les vi at dei starta  
frå Noreg 29. desember.

Dei skriv at Aconcagua er eit spanande  
fjell som gjev ei svært  
flott oppleving og ein tøff utfordring.

Deltakarane i ekspedisjonen er variert i alder men dei  
har brei erfaring frå slike ekspedisjonar. Fleire av dei har vore på  
Kilimanjaro, Alpetoppar, Elbrus og i Andesfjella  
i tillegg til mange norske toppar.

Det er ein sterk og homogen gjeng som utfyllar kvarandre. Dei har til dømes også  
ein lege med. Ekspedisjonen er berekna å vara i 22 dagar - derav 18 dagar i fjellet.

I snitt vil dei klatra mellom 378 og 245 høgdemetre  
i døgnet avhengig av korleis akklimatiseringa går.

I rapporten datert 5. januar blir det meldt at fleire av  
deltakarane merkar høgda godt. Det er etablert 5 campar.  
Gruppa er minst to turar opp til neste camp før dei etablerer seg der.

etter å ha deponert utstyr, forråd, brensel og mat på denne  
campen tidlegare.

Kroppen treng lang tid på å venna seg til den tunne lufta.

Statistikken er ikkje spesielt lovande. Av 10 som satsar mot toppen er det berre mellom  
3 og 4 som kjem til topps. Veret er den mest kritiske faktoren, men dei har mange reservedagar.  
5. februar var dei oppe på 4.300 meter.

Av Ola Matti Mathisen



Det høgste fjellet i Sør-Amerika (Foto på ekspedisjonens nettside)

